

Styremøte Vestland – 2025

Onsdag 26.09. kl.12:00 – 15:30 digitalt

Sakskart



28.08.2025 Egil Hofslil (tekst) Arvid Storli (foto Jørn Hoel) og Høgskulen på Vestlandet (illustrasjonsfoto)

Høgskulen på Vestlandet, i samarbeid med Kulturskolerådet, er i gang med andre delemne for kulturskulelærarar frå alle kunstfag – foto over og [nyhendesak med student frå delemne ein.](#)

[Profesjonsfaglig digital kompetanse i egen kulturskolepraksis – KUL802](#)

Sakskart til styremøte 26.09.25:

2025.01 Godkjenning av innkalling og sakskart	3
2025.02 Referatsaker	4
Økonomirapport 2. kvartal	4
Rådgjevar sin rapport	5
2025.03 Styrearbeid	7
2025.04 Politisk arbeid	8
2025.05 Utviklingsområda	9
2025.06 Orienteringar	10
2025.07 Eventuelt	11

Frå styret møter:

styreleiar Hege Eide Vik
nestleiar Kjetil Høgseth Felde
styremedlem Øystein Røsseland Kvinge
styremedlem Karianne Kayser
styremedlem Rolf Seldal

Frå valkomiteen møter:

leiar Kåre Martin Kleppe i sak 2025/03 pkt.1 kl:12:15 – 12:30.

Frå administrasjonen møter:

rådgjevar Kristin Geiring

2025.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

Saksdokument: Sakskart på side 2
Innkalling sendt i e-post.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:
Innkalling og sakskart godkjent.

Saksutgreiing:
Innkallinga og sakskartet er utsend i samsvar med vedtektene og møteplanen.

2025.02 Referatsaker

Saksdokument:

1. Rekneskap 2. kvartal 2025 side 4.
2. Rådgjevar sin rapport side 5-6.

Sakshandsamar: Rådgjevar og styreleiar

Forslag til vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

Saksutgreiing:

Økonomirapport 2. kvartal

Avdeling 11 Prosjekt (R8) 112		Organisasjonsnr.: 875627422		
Kulturskolerådet		Utskriftsdato: 21.09.2025		
Hele 2025		Perioden, Januar - Desember		
NOK	Regnskap	Budsjett	Avvik	Endring
Salgsinntekter	221 941	373 800	- 151 859	-40,6%
Andre inntekter		55 000	- 55 000	
Sum driftsinntekter	221 941	428 800	- 206 859	-48,2%
Bruttofortjeneste	221 941	428 800	- 206 859	-48,2%
Lønnskostnad	25 858	132 000	- 106 143	-80,4%
Arbeidsgiveravg. og pensjonsk.	3 646	19 000	- 15 354	-80,8%
Andre personalkostnader				
Sum personalkostnader	29 503	151 000	- 121 497	-80,5%
Kostnader lokaler		10 000	- 10 000	
Leie maskiner, inventar o.l.				
Kostnadsførte anskaffelser	690		690	
Fremmede tjenester	18 000	100 000	- 82 000	-82,0%
Kontorkostnad	1 136	12 000	- 10 864	-90,5%
Telefon, porto o.l.	2 358		2 358	
Kostnad og godtgjørelse for reiser	34 158	80 000	- 45 843	-57,3%
Salgs og reklamekostnader	6 573		6 573	
Kontingenter og gaver		5 000	- 5 000	
Annen kostnad	40 000	70 800	- 30 800	-43,5%
Tap og lignende				
Sum driftskostnader	102 915	277 800	- 174 885	-63,0%
Driftsresultat	89 523		89 523	
Finansinntekter				
Finanskostnader				
Sum finans				
Resultat før skatt	89 523		89 523	
Årsresultat	89 523		89 523	
Overføringer og disponeringer				

Merknad:

Driftstilskot frå Kulturskoleråd kjem primo/medio juni for fyrste halvdel av 2024 og for andre halvdel kring primo/medio desember.

Omgrepet «salsinntekter» er fast i rekneskapssystemet Kulturskolerådet nyttar. Under salsinntekter ligg driftstilskot til fylkesavdelinga motteke frå Norsk kulturskoleråd, tilskot motteke frå kommunar og fylket i Vestland til arrangement i fylket for born og unge og eventuelle deltakarkontingentar frå konferansar, seminar og leiarsamlingar. Arrangement, konferansar, seminar og leiarsamlingar er budsjettett i balanse og vert gjerne og subsidiert av fylkesavdelinga. Fremmede tjenester er konsulenthonorar.

Rådgjevar sin rapport

Nettverksarbeid

1. **Livsmeistring for barn og unge | Statsforvaltaren i Vestland** vart digitalt arrangert 11. juni. Rådgjevar tok del frå Kulturskolerådet Vestland.
2. **KS Vestland ved fylkesstyret og Kulturskolerådet Vestland ved arbeidsutvalet** møtes 23. september i Bergen. Vidare samhandling etter Kulturskolerådets landsting med ny strategi, politisk plattform og vedtak vert del av dialogen for å avklare vidare mogleg samhandling i tråd med organisasjonane sine samfunnsoppdrag.
3. **Kulturskolerådet og oppdraget frå landstinget, «Leiing i kulturskolen»**, har invitert universitets- og høgskulesektoren ved institusjonar som har leiarutdanning til møte. Formålet er å sjå kva som er mogleg i høve vidare satsing på utdanning for leiarar i kulturskulane. UH-sektor i Vestland vert godt representert.
4. **«Digitalt lederforum»** vart arrangert for leiarane i kulturskulane 2. september med tema Profesjonelle læringsfellesskap (PLF) samt kort orientering om Medlemsmøte / konferansen «Handlekraft og Regionmøte med val 30.-31.10. i Bergen. «Digitalt lederforum» er vidare invitert til månadleg med ulike tema til og med januar 2026 og med mogleg framhald.
5. **De unges festspilldag (DUFD) og De unges festspillforestilling (DUFF)** vart arrangert i Bergen og vel gjennomført. Arrangementa får fokus på Regionmøte med val 31.10. Sjå meir her: De unges festspilldag og De unges festspillforestilling.
6. **NMF Hordaland og Nordvest i samarbeid med Kulturskolerådet Vestland** ser på samhandling med kulturskuleleiing i regionar om fellesmøte nokre stader i fylket våren 2026.
7. **Vestland musikkråd** har konferanse i Bergen, der Kulturskolerådet Vestland er invitert med i høve mangfald. Me ser på kva som er mogleg i og med me har eige arrangement same veka. Tema er korleis det offentlege og det frivillige kan samarbeide for å inkludere fleire barn og unge med fleirkulturell bakgrunn i det frivillige musikklivet.

Styrearbeid

1. **Arbeidsutvalet (AU)** i Kulturskoleråd Vestland, repr. ved styreleiar, nestleiar og rådgjevar, hadde møte 03 – 2025 den 1. september.
2. **Valkomiteen for Kulturskolerådet Vestland** er godt igong med arbeidet.
3. **Konferansen HANDLEKRAFT / Medlemsmøte og Regionmøte med val to.30.-fr.31. oktober 2025** i Bergen på Grand Hotel Terminus har snarleg påmeldingsfrist. Konferanseprogram er under utarbeiding og vert utsend så snart råd. Sjå Påmelding og informasjon på nettsida til Kulturskolerådet.
4. **Hovudstyremøte 3-2025** sjå sakskart og protokoll.

Utviklingsområde

Digitalitet

1. **Høgskulen på Vestlandet** og Kulturskolerådet Vestland hadde 19. juni evaluering av PfdK studiet KUL801 som fann stad våren 2025. Erfaringar vert i etterkant delt med kulturskuleleiinga. No er KUL802 igongsett med godt tal påmelde. I forkant av påmeldingsfrist var det nasjonal nyhendesak på Kulturskolerådet.

Fordjuping

1. **Webinaret «Politisk gjennomslag og påvirkning i fordypningsarbeidet»** 16. september var nasjonalt og Vestland var representert med seksjonssjef frå avdeling for Kultur og folkehelse i

Vestland fylkeskommune, rektor i Sunnfjord kulturskule og hovudstyremedlem i Kulturskolerådet som og er ordførar i Voss herad. Vestland fylkeskommune sin representant la vekt på at me i Vestland ser på vidare struktur i samhandlinga.

2. **Kulturskolerådet ved kompetansefellesskap for fordjuping** ba via rådgjevarane om innspel på kort video av fordjupingselevar til bruk i arbeidet. Det kom ingen tilbakemelding frå kulturskulane i Vestland.
3. **Draumestipendvinnar** frå Bergen, som studerer skodespel i Berlin på Universitæt der Künste, fekk der tildelt stipendet av representant for Den norske ambassaden i Berlin og rådgjevar.

Mangfald

1. **SEEMA og Kulturskolerådet** har ny runde med sertifisering innan mangfaldsleing. Kurset vert organisert med digitale samlingar og fysiske. Frå Vestland er rektorane i Lærdal og i Hyllestad, Askvoll, Fjaler kulturskular deltakarar.

Framtidas kulturskule

1. **Rammeplanen «Kulturskole for alle»** på nettsida til Kulturskolerådet vert fylgt opp i løpet av hausten 2025 mellom anna på Medlemsmøte / konferansen Handlekraft og Regionmøte med val 30.-31.10 i Bergen. Sjå «Støtteressurser» og «politisk implementering» utarbeidd til kommunane.

2025.03 Styrearbeid

Saksdokument: Lenker i saksutgreiing. Andre saksdokument vert utsend i e-post.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Status for valkomiteen sitt arbeid tatt til orientering.
2. Status for arbeidsgruppe frå Kulturskolerådet 30.-31.10 tatt til orientering.
3. Status for arbeid med digitalt tilbod i høve Regionmøte med val tatt til orientering.
4. Det er ingen forslag til vedtak.
5. Det er ingen forslag til vedtak.
6. Det er ingen forslag til vedtak.
7. Det er ingen forslag til vedtak.
8. Det er ingen forslag til vedtak.
9. Det er ingen forslag til vedtak.

Saksutgreiing:

1. Status for valkomiteen sitt arbeid vert orientert om.
2. Arbeidsgruppe frå Kulturskolerådet 30.-31.10 vert orientert om.
3. Digitalt Regionmøte med val.
4. Gjennomgang av regionmøte med val jf. vedtektene.
5. Regionstyret fordeler saker for Regionmøte med val.
6. Ekstra engasjerte til Regionmøte med val.
7. Valkomité for komande periode jf. vedtektene:

5.3 Valgkomité i regionen

Medlemmer i valgkomiteen:

3.1 Leder

3.2 Ett medlem

Det er tilrådd at me gjer framlegg på Regionmøte med val om eit tilleggsvedtak, som inneber ei løysing om ein eller dei to som vert valkomité må seie frå seg vervet.

I førre periode og tidlegare har me hatt ein leiar, to medlemmer og eit varamedlem.

Saka vert drøfta av regionstyret.

8. Konferansen «Handlekraft» / Medlemsmøte 30.-31.10 status og oppgåver.
9. Program for konferansemiddag vert førebudd.

2025.04 Politisk arbeid

Saksdokument: Munnleg framlegging. Oppfølging: Saker og protokoll frå Landstinget 2024 . Sakskart hovudstyremøte 3-2025 Utsendt på e-post saker innmeld innan fristen frå Austevoll kommune og Bergen kulturskole.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Tilbakemelding etter møte med KS Vestland tatt til orientering.
2. Det er ingen forslag til vedtak.
3. Innstilling frå regionstyret vert lagt ved innsende saker i sakskart til Regionmøte med val.
4. Det er ingen forslag til vedtak.

Saksutgreiing:

Politisk arbeid vert sett i samanheng med Strategi 2032, Meld.St.18(2020-2021), vedtak frå årsmøte, landsting, hovudstyre og utviklingsområda i Vestland.

1. Møtet med KS Vestland vert orientert om og drøfta i regionstyret:
 - i. Kulturskolerådets vidare strategi og politisk plattform
 - ii. Samhandling med KS
 - iii. Eventuelt
2. Hovudstyremøte 04 – 2025 er flytta til 25.-26.11. Frist for regionstyret til å spele inn tematikk er 3.11. Regionstyret drøfter kva tema som kan vere aktuelt å melde inn.
3. Saker frå medlemmene vert orientert om:
 1. Austevoll kommune:
De Unges Festspilldag og De Unges Festspillforestilling
 2. Jon Raundalen. Rektor ved Bergen kulturskole. Bergen kommune:
De Unges Festspilldag og De Unges Festspillforestilling
 3. Bergen kulturskole, v/ rektor Jon Raundalen og ledergruppen. Bergen kommune:
Revisjon av «Rammeplan for kulturskole» i 2028
4. Regionmøte med val fredag 31. oktober 2025:
Regionstyret drøfter om sak frå regionstyret skal med til Regionmøte med val.

2025.05 Utviklingsområda

Saksdokument: Handlingsplan perioden 2024-2025 ligg på nettsida.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Handlingsplan perioden 2024-2025 lagt fram i styremøtet er tatt til orientering.

Saksutgreiing:

1. Handlingsplan perioden 2024-2025 vert lagt fram på styremøtet for gjennomgang.

2025.06 Orienteringar

Saksdokument:

1. Helhetlig system for karriere og kompetanseutvikling Nyhendesak Kulturskolerådet
2. Kulturpris for Vestland
3. Fellesskoleutvalget
4. Gjennomgang av kulturskuledrifta i Voss Herad

Sakshandsamar:

Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Orientering om Høyring på støttetiltak kompetanse (Udir) med frist 1. oktober 2025 der Kulturskulane er del av ny ordning frå UDIR: «Helhetlig system for karriere- og kompetanseutvikling» (SKK) tatt til orientering.
2. Vestland fylkeskommune og oppretta «Kulturpris for Vestland» med første tildeling desember 2025 tatt til orientering.
3. Tatt til orientering, at Fellesskoleutvalget er i prosess og tek imot innspel.
4. Gjennomgang av kulturskuledrifta i Voss Herad tatt til orientering.

Saksutgreiing:

1. Høyring på støttetiltak kompetanse (Udir) frist 1. oktober 2025. Kulturskulane er del av ny ordning frå UDIR: «Helhetlig system for karriere- og kompetanseutvikling» (SKK). Dette står i innleiinga til ny ordning.
Me gjer merksam på det då pedagogisk personale i kulturskulane er inne i ny ordning slik høyringa er utsend: «Tilskuddsordningene skal bidra til å støtte og styrke det lokale arbeidet med kompetanse- og kvalitetsutvikling i barnehage og skole. Tilskuddsordningene omfatter ansatte i barnehage, grunnskole, SFO, videregående opplæring inkludert fagopplæring i bedrift, opplæring for voksne, PP-tjenesten og kulturskole.»
Kommunane har frist til 1. oktober med å sende høyringssvar. Kulturskolerådet har hatt nyhendesak.
2. Vestland fylkeskommune har oppretta «Kulturpris for Vestland». Første tildeling skjer desember 2025.
3. Fellesskoleutvalget er i prosess og tek imot innspel.
4. Voss Herad har hatt gjennomgang av kulturskuledrifta og vedtak er fatta i Heradsstyret. Les saka her Gjennomgang av kulturskuledrifta i Voss Herad.

2025.07 Eventuelt

Saksdokument: Ingen saker.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er ingen saker til eventuelt.